

	Møtereferat	
	<p>Referat frå møte mellom Frank Mohn AS, Multiconsult og Meland kommune.</p> <p>Tema var orientering om etterspurd og utfyllande informasjon knytt til motteke rammeløyve og særleg om</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vurdering av juridisk grunnlag - Utfyllande informasjon om miljøkonsekvensar - Kartlegging a straumtilhøve 	<p>Tid: 26.08.2014 Stad: Rådhuset, Frekhaug</p> <p>Deltakarar: Bernt Stensaker og Øvrebotten (Multiconsult), Oddbjørn Jacobsen, Svein Dale (Frank Mohn), Anne Lise Olsen, Tore Erstad , Bjarte Buanes, Alexander Helle og Hans Kristian Dolmen (Meland kommune)</p>
	Tema	Kommentar
1	<p>Status etter forrige møte</p> <p>Bakgrunn for møte er at Meland kommune har motteke søknad om rammeløyve for tiltak. I vår gjennomgang av søknaden hadde med merknadar (syner til mellombels melding attende datert 11.12.2013), og har bedt om utfyllande informasjon. I så måte var dette eit orienteringsmøte der me har motteke informasjon og må vurdere denne.</p>	
2	<p>Planstatus og juridisk grunnlag</p> <p>Gjeldande reguleringsplan ligg til grunn og det er eit skilje i planen kva som utvilsomt kan gjerast og så er det den delen som gjev grunn for diskusjon og kan tolkast.</p> <p>Me syner til presentasjonen der dykk gjore greie for dykkar syn og korleis dykk meiner plangrunnlaget skal tolkast.</p>	
3	<p>Miljø, naturtyper og friluftsliv</p> <p>Meland kommune har bede om ei vurdering av miljø og det er gjennomført med særleg fokus på det marine miljø. Presentasjon var opplysande, men me må få gå gjennom materialet. Når det gjeld friluftsliv og bruken av nærområda er dette noko mange er opptatt av. Meland kommune har motteke merknadar til nabovarsel som gjeld dette (vert sendt over).</p>	
4	<p>Straumningsmåling</p> <p>Me syner til presentasjonen. Me vil gå gjennom rapporten og tek kontakt dersom me treng nærmare avklaring.</p>	
5	<p>Visualisering</p> <p>Bilete og visualisering kan vere avklarande. Materialet kan leggjast med søknad.</p>	

6	<p>Dokumentasjon</p> <p>Me ber om at dei nye rapportane og eventuell anna utfyllande informasjon formelt vert sendt Meland kommune (postmottak@meland.kommune.no), merk gjerne med saksID 14/3594 (nytt saksnr pga skifta av plattform for arkivsystem – gamle saksnr 13/1646)</p>	
7	<p>Vidare handsaming (som avtalt)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Multiconsult sender over dokumentasjon - Meland kommune sender over alle innkomne merknader til nabovarsel for rammeløyve, desse vert samla vurdert/tatt stilling til av Multiconsult og returnert - Etter mottak av desse kan sakshandsamar ta føre seg søknaden - Me må streke under at søknad av rammeløyve i sin heilskap ikkje er realitetsvurdert, me veit ikkje no om den er komplett. Det kan verte etterspurt meir informasjon, men da vil det mest sannsynleg gjelde sjølve tiltaket 	
8	<p>Vurdering/oppsummering</p> <p>Når det gjeld juridisk grunnlag forventar me ei skriftleg redegjering for tolking av planen som er fyldigare enn presentasjonen. Denne må me ta endeleg stilling til.</p> <p>Når det gjeld rapportane såg dei avklarande ut, men me vil gjennomgå materialet.</p> <p>Når det gjeld visualisering såg visninga i presentasjonen avklarande ut. Me vil rå til at dykk lagar noko meir materiale frå ulik retning og i eit større perspektiv.</p>	
9	<p>Referent: 29.08.2014, Hans Kristian Dolmen</p> <p>Dersom me ikkje mottar skriftlig merknad snarleg reknast referatet som godkjent og vert lagt på sak 14/3594.</p>	